

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	13.06.2024	063/24
Kvam miljø-, plan- og bygningsutval	12.06.2024	033/24
Kvam heradsstyre	20.06.2024	089/24

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Ørjansen, Heidi	Objekt:	23/1388 - 3

Uttale til offentlig ettersyn av detaljplan for dam Bjølsegrøvatn

Behandling i politiske utval:

12.06.2024, KMPB- 033/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

13.06.2024, FSK- 063/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Kvam

heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde inbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen.

20.06.2024, HST- 089/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Kvam heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde inbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Samandrag:

Statkraft energi AS treng å etablere ein ny dam ved Bjølsegrøvatnet. Offentleg ettersyn av detaljplan viser kva for løysing som er tenkt, og kva for konsekvensar tiltaket vil få for natur, landskap, villrein, friluftsliv m.m.

Det står lite om kva for tilgang ålmenta skal få til den nye vegen opp til Bjølsegrødammen. Rådmannen har ikkje kommentarar til høyringa, ut over at detaljplanen bør seia noko om kva for tilgang som er tenkt, kven skal få tilgang og korleis skal dei få tilgang.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
192101	Offentleg ettersyn av detaljplan for dam Bjølsegrøvatn - Bjølvo kraftverk - Kvam herad

12.06.2024 Kvam miljø-, plan- og bygningsutval

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd

KMPB- 033/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

13.06.2024 Kvam formannskap

Felles tilleggsframlegg:

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Kvam heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde inbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Tilleggsframlegg frå Formannskapet vart samrøystes vedteke

FSK- 063/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Kvam heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde inbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen.

20.06.2024 Kvam heradsstyre

Røysting:

FSK si tilråding vart samrøystes vedteke med 24 røyster

Johanne Neteland, SP, Arne Sandven, H og Haytam Sarmadawy, H hadde permisjon frå møtet. Det var difor 24 røysteføre i saka

HST- 089/24 Vedtak:

Kvam heradsstyre er nøgd med løysingane for vegtilkomst i samband med bygging av ny dam ved Bjølsegrøvatnet.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere så tilgjengeleg som mogeleg for ålmenta.

Kvam heradsstyre ber om at detaljplanen omtalar kva som skal skje med ålmenta sin tilkomst via tunnelen som vert bygd, i etterkant av at anleggsperioden er ferdig. Ynskjet frå Kvam heradsstyre er at denne tilkomsten skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Kvam heradsstyre ber og om at det vert halde folkemøter i forkant av utbygginga og under utbygginga, samt at ein nyttar lokale media til å halde inbyggjarane oppdaterte om prosjektet i byggefasen.

Saksopplysningar:

Høyringsdokumentet har følgjande dokument:

- Eit hovuddokument
- Vedlegg 1: Teikningar
- Vedlegg 2: Kartlegging av naturverdiane
- Vedlegg 3: Miljøsaneringsbeskrivelse


Det er Norconsult AS som har utarbeidd detaljplan for miljø og landskap, utbetring av dammen på bestilling frå Statkraft.

Statkraft Energi AS må erstatta eksisterande hovuddam og sperredam ved reguleringsmagasinet Bjølsegrø. Det skal lagast ein ny betongdam på nedsida av eksisterande dam. Før dei kan begynne med utbetring av dammen, så må det lagast ein veg og tunnel fram til dammen. Fleire alternativ er vurdert. Bakgrunn for behovet for ny dam, er dammen sin noverande tilstand og avvik avdekka i siste revurdering og tilsyn. NVE har meld i frå at det må gjerast tiltak innan kort tid.


På grunn av mengde betong som skal fraktast opp, så er det vurdert at det er naudsynt med veg og tunnel. Detaljplanen har vald det alternativet som har den mest avgrensa konsekvensen for miljø og landskap.

Samla lengde på veg er ca. 790 meter og samla planlagd tunnel er ca. 2465 meter. Arbeida er planlagd oppstart våren 2024 og ferdigstilt hausten 2027.

Detaljplan



Figur 1 Detaljplan - tiltak oppe ved Bjølsegrødammen



Figur 2 Detaljplan - tiltak der vegen slutter i dag

Den raude stipla linja viser tiltaksgrensa. Det skal ikkje vere inngrep utanfor denne grensa.

Historikk

Opphavleg så ønskte ein del i Ålvik å regulere trase for ny veg heilt opp til dammen. Dette skulle vere ei erstatning for riving av trallebanen. Trallebanen vart nytta av dei som hadde hytte rundt Bjølsegrødammen i tillegg til nyttetransport. Når banen skulle rivast, så begynte ein del i Ålvik prosessen med å regulere ein veg til fjells. Tidleg i prosessen kom Statsforvaltaren med signal om at dei ikkje ville godta ein veg heilt opp. Planen var til mekling og resultatet var at vegen gjekk opp til det punktet der vegen stoppar i dag. Det var delte meiningar blant befolkninga i Ålvik om det var naudsynt å få ein bilveg heilt fram til dammen.

Flaum- og skredfare

Detaljplanen vurderer konsekvensar av tiltaket med omsyn til flaum- og skredfare. Ny dam vert bygd på ein slik måte at det ikkje skal vere fare for flaum. Der massane til tunnelen skal deponerast, så er det fare for snøskred. Det er tenkt at arbeidet skal gjennomførast utanom sommaren, dersom det skal føregå vinterstid, så skal området sikrast.

Friluftsliv

Deler av dagens trase opp til Heller, må leggest midlertidig om i samband med at massane frå tunnelen skal plasserast i området der dagens sti går. Når anleggsarbeidet er ferdig, vil det verta etablert ein permanent sit opp til Heller. Detaljplanen viser til Kvam herad sin kartlegging av viktige friluftsområde. I anleggsperioden vert det lagt til rette for at dei som vil gå i området, skal kunne parkere. Det vert samtidig vist til at vegen kan verta heilt stengd i korte periodar.

Naturverdiar

Det er noko natur som vil gå tapt i samband med bygging av ny dam. Det er laga ein eigen rapport om naturverdiane i området. I store deler av det søndre tiltaksområdet, så er det ein naturart som er nær trua. Vegtrase er endra for å avgrensa konsekvensen på naturtypen. Viser til rapport og detalj plan for meir utfyllande informasjon av naturverdiane som vert råka.

Vurdering:

Rådmannen ser at tiltaket er naudsynt på grunn av tilstanden på eksisterande dam.

Rådmannen viser og til tidlegare historikk, der planprosessen begynte med ein veg heilt opp til dammen. Det er positivt at tilkomsten no vil gå i tunnel. Skulle vegen ha gått i dagen heilt opp til dammen, så hadde det vore heilt andre inngrep i naturen enn det vert med tunnel.

Rådmannen saknar ein omtale av tilgangen for ålmenta gjennom tunnelen. Korleis er det tenkt løyst? Skal det vere ope berre for dei som har hytte? Eller kan det lagast ei ordning der dei som har behov og sterkt ønskje om å starte turen heilt opp ved dammen, kan få lov til å nytte tunnelen når denne er ferdig? Rådmannen ønskjer at detaljplanen seier noko om kva Statkraft tenkjer om ålmenta sin tilgang.